



Orkanger, 02.06.2018

Miljødirektoratet
post@miljodir.no

Vassforskriftas miljømål for Bjørnlivatnet i Meldal kommune

I brevet «*Tilbakemelding på forslag til tiltaksplan for Løkken Gruver*» frå Miljødirektoratet til Direktoratet for Mineralforvaltning av 04.03.2014, dykkar ref 2013/5312-4, blir det kravd stans i tilførsel av forureining frå Fagerlivatnet til Bjørnlivatnet. Dette kravet omfattar ikkje avrenning frå gråbergdeponia mellom Fagerlivatnet og Bjørnlivatnet, men DirMin blir likevel oppmoda om å ta tiltak for å stanse dette: «*Vi vil likevel henstille om at det søkes løsninger som også omfatter avrenning fra disse deponiene.*»

Bjørnlivatnet er omfatta av vassforskriftas krav om å oppnå «god» økologisk og kjemisk tilstand, og i gjeldande forvaltningsplan for Trøndelag vannregion står det følgjande om tiltak mot forureining frå nedlagde gruver, og spesielt Løkken:

«Vannregionmyndigheten forutsetter derfor at Direktoratet for mineralforvaltning følger opp og konkretiserer arbeidet som må skje i tilknytning til dette, slik at vannregionen oppnår miljømålet innen fristen.¹». (Fristen er som kjend 2021).

Vi har forstått det slik at det er Miljødirektoratet som har ansvaret for å følgje opp at vassforskriftas miljømål for Bjørnlivatnet blir oppfylte?

Ut i frå dette ber vi om tilbakemelding på korleis Miljødirektoratet vil forsikre seg om at tilstanden i Bjørnlivatnet kjem til å oppfylle vassforskriftas miljømål innan fristen.

Beste helsing

Mads Løkeland
Naturvernforbundet i Orklaregionen

Kopi: Direktoratet for Mineralforvaltning

¹ Regionalt tiltaksprogram etter vannforskriften for Trøndelag vannregion 2016 – 2021